


Andersen Jens

Fra: Kjellaug Holm [kjellaug.holm@ullensvang.herad.no]
Sendt: 3. november 2005 08:59
Til: Postmottak BFD
Emne: Ny rammeplan - høyringsuttale fra Ullensvang herad



33291_1_P.doc (60 KB)

<<33291_1_P.doc>> Vedlagt høyringsuttale fra Ullensvang herad.

Med helsing

Kjellaug Holm
fyrstekonsulent
tlf 53671573



Det kgl. barne-og familidepartement

Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykker ref.	Vår ref.	Arkiv	Dato:
	04/1082-7	N-211.0/	03.11.2005

Ny rammeplan for barnehagen - Høyringsuttale

Generelle merknader

Utforming:

Det er ein stor føremon at planen no er korta inn og at den er vorte eit dokument som er lett å lesa og dermed vil nå ut til fleire.

Innhald:

Som fylgje av lovgrunnlaget om barns medverknad har dette området fått eit eige avsnitt i planen. Det er bra at det er sett større fokus på barn sin rett til å medverka og at deira meningar vert lytta til.

Lokal fridom vert understreka i planen. Kvar barnehage kan skapa sin eigen identitet innanfor rammene og såleis ta opp i seg kultur og tradisjon i eige miljø.

Andre merknader

PERSONALET

Det pedagogiske personalet sitt ansvar er lite synleggjort. Ein ser heile personalet under eitt, noko som er positivt i høve til ansvarleggjering. Det er likevel viktig at den pedagogiske kompetansen vert synleggjort som ein viktig del av det felles ansvaret som alle tilsette har.

LEIK

I tidlegare rammeplan var det brukt ein del definisjnar, t.d var det sagt kva som låg i begrepet leik. Læring i barnehagen føregår gjennom leik, og me meiner difor leik burde vore nærmere definert, slik at barnehagane har ein felles oppfatning av kva som ligg i dette begrepet.

DEI MINSTE I BARNEHAGEN

Planen gjer ikkje skilnad på barna i barnehagen. Alle vert sett under eitt, noko som er positivt. Men skilnaden mellom dei minste og dei største barna er stor. Det er vår mening at det burde



Hardanger

Postadr.:
5780 KINSARVIK

Telefon:
53 67 15 00

Telefaks:
53 67 15 01

Bankgiro:
3450.19.70400

E post:
postmottak@ullenvang.herad.no

vore sett noko meir fokus på dei minste barna i barnehagen og sagt noko særskilt om desse og deira plass i fellesskapet i barnehagen.

BARNEHAGENS FAGOMRÅDE – MÅL FOR PERSONALET

Me viser til 6.4 Estetiske fagområde der det er formulert slik: *For å oppnå disse målene må personalet i barnehagen.....*

Under alle andre område er formuleringa slik: *For å arbeide i retning av disse målene må personalet i barnehagen.....*

Etter vår meining er fyrste formulering best og meir forpliktande for personalet. Denne bør difor nyttast på alle fagområde.

SAMARBEID MED SKULEN

Slik me les planen vert barnehagen tillagt eit større ansvar enn skulen for å få til ein god overgang frå barnehage til skule. Det er vår meining at dette er eit felles ansvar som bør vera like forpliktande for begge partar.

Med helsing
Ullensvang herad

Magnus Mjør
rådmann

*Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 73
Sakshandsamar si e-postadr.: kjellaug.holm@ullensvang.herad.no*

Kjellaug Holm
fyrstekonsulent